

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Fredag 24.04 kl 9.30 – kl 11.50
Tilstede: Svein Slåtsveen, Tone Rubach, Bjørn Arne Skoglund, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Bente Børsheim, Håvard Knygh, Merethe Sund, Arne Flatmo og Magne Trondmo.
Forfall: Svein Inge Jakobsen (Arne Flatmo deltok)
Kopi til: Vara AU, leiargruppe Medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 24.04.2020

| Sak nr. | Emne | Ansvar |
|---------|--|--------------|
| 1 | Presentasjon av ny organisasjonsleiar Magne presenterte seg. Han har hatt ulike jobbar i Norsk Kjøtt, Prior og Nortura sidan 1998. Har kontorplass Nortura Malvik. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. | |
| 2 | Orientering frå styret Merethe orienterte frå konsernrapporten. Svak start i dei to fyrste månadane av året. No veldig krevande periode i fht koronasituasjonen. Stopp på salsaktivitetar i butikk, så prioritering av sortiment. Priskrig i Kiwi. Kjedene tek del i risikoen i fht produksjon. Auka sal i daglegvare no, dialog med Norgesgruppen på sal av sau og lam. PROFF indeks 38 %, men veksande no. Nortura råvarelager: Gris redusert, storfe lågt, sau og lam jamn reduksjon, 35 % lågare enn i fjor. Kvitt kjøtt høgt lager. Totalmarknad: Storfe: Press frå KLF om forlenga periode med nedsett tollsats. Egg: Høgt sal, også etter buregg. Jobbast med tilførsalar på storfe, gris og småfe. Gilde-produkt med grønnsaker: Vil bruke Gilde-merket mot nye marknader. Mål om norske grønnsaker. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Merkeleg med Gilde-merke frå den norske bonden, med grønnsaker frå utlandet. Er ikkje stolt bonde når halvparten av produktet ikkje er norsk. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. | |
| 3 | Orientering frå Medlem og Drift region Nord Arne orienterte om tilførslane i regionen fram mot påske. Storfe: Viss nedgang i regionen, Horn 20 storfe meir enn i fjor. Har misst ein stor leverandør til Horn. Småfe: Betydeleg auke, medan Horn har betydeleg nedgang. Gris: Nedgang i regionen, og landet. Særleg i Bjerka pga MRSA-saneringa. Slakting og skjering går som normalt på alle anlegga. Produksjon i Målselv av pølser og deigar auka pga stor etterspurnad. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Skuldast auka slakting lam eller sau? Slakting av sau vil bety nedlegging.Totalmarked har antyda at sauebestanden er på veg opp.Ynskjeleg med tilførselstatistikk for minimum 2 år for heilheitleg bilete.Råd å skilje mellom lam og sau i statistikken? | Arne Arne |

- Fortset svineprodusentane med same volum etter MRSA-saneringa?
- Nyoppstart med gris i Steigen, mogeleg det vert levering til Horn.
- På eit kretsmøte etterspurt tilgang på purker, kva er status?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 Diskutere innspel frå AU Innlandet

Svein har vidaresendt forslag til innspel til årsmøtedebatten frå AU Innlandet v/Hanne Guåker. Ba om kommentarar. Innspelet kjem ikkje til å verte fremma som forslag. RU-leiarane støttar ikkje ordlyden, men støttar prinsippet. Svein har i innlegget sitt vektlagt støtte til endringane som konsernsjefen har iverksett.

Innspel/kommentarar:

- Greitt å sjå på struktur og eigarorganissjon, men meiningslaust å bygge oppatt på nytt. Støttar ikkje det.
- Merethe orienterte om at det er nedsett ein vedtektskomité.
- Kan ha mykje å hente på å sjå på eigarorganisasjonen som antal medlemmar i AU, m.m., men har andre ting å bruke pengane på enn å bygge oppatt organisasjonen på nytt. Føler ikkje vi skal stille oss bak innlegget.

Vedtak: AU tek innspelet frå AU Innlandet til orientering.

5 Førebu regionen sitt innspel til årsmøtet 28.04

Det vert 5 minutt til kvar region, der ein av utsendingane får kome med synspunkt, innspel og spørsmål til styreleiar og konsernsjef på vegne av regionen. Svein ynskje innspel på forslaget som han har sendt til AU. Svein ynskjer at det vert utbetaling frå medlemskapitalkonto, sidan det vart opplyst i kretsmøta. Er ikkje utbytte, er eigarane sine pengar. Er evt 3. året utan utbetaling no. Ynskjer ikkje å binde AU i sitt innlegg.

Innspel/kommentarar:

- Må stryke nest siste setning vedk frustrasjon.
- Veldig usikker på om distriktstilskotet skal fokuserast på. I fagutval gris lite forståing for tilskotet. Har gjeve innspel om gris og misser produsentar i Nord bør med, viktigheita av gris i heile landet for å oppretthalde drift på anlegga.
- Har tilbakegang på alle dyreslaga i regionen.
- Dekning av auka krafftôrprisar er viktig for gris og eggproduksjon. På konsesjonsproduksjon på egg auka kostnad på kr 100 000.
- Fokus på kva verkemiddel som fungerer i praksis.
- Distriktstilskotet skal ikkje kompensere for redusert avrekningspris, kan takast bort i denne samanhengen.
- Landet elles forstår ikkje kvifor vi har distriktstilskotet – er eit eige innlegg berre å forklare det.
- Utbetaling frå medlemskapitalkonto er lova, men det er mykje usikkerheit i marknaden. Gjensidige har varsla at det ikkje vert utbytte. Må berre akseptere at det ikkje vert rullering.
- Nortura risikerer vel å ikkje få støtte frå krisepakkar ved utbetaling av utbytte?
- Støttar at det ikkje kan reknast som utbytte. Handlar om tilfredsheit hos eigarane.
- Er anbefaling frå styret å ikkje betale ut, basert på økonomien ved oppstarten av året og usikkerheita rundt koronasituasjonen no.
- Fokus på å oppretthalde aktivitet i Målselv, lokalmatproduksjon, har gjort tiltak i strukturen og må gjerast i resten av landet, fokus på råvareprisar og tilførslar.
- Svein endrar sitt forslag, og sender nytt utkast for innspel frå AU.

Vedtak: Svein jobbar vidare med region Nord sitt innspel til årsmøtet

6 Ny fordeling av ansvarskreisar

Brit Kari har laga eit forslag til ny fordeling av ansvarskreisar, med utgangspunkt i at kreisar som naturleg kan samarbeide t.d. om kretsmøter og arr har same kontaktperson i AU.

Innspel/kommentarar:

- Logisk å halde seg i sitt nærrområde.
- Positivt å verte kjend i kretsane.
- Ein annan AU-medlem må kunne stille dersom ansvarleg ikkje kan.

Vedtak: AU vedtek ny fordeling av ansvarskretsar, jf vedlegg.

7 **Oppfølging frå kretsmøta**

Oppfølgingsrapporten var utsendt, og Brit Kari orienterte kort. I kretsmøtet i krets 19 Nord-Salten kom det ynskje om gode faktahefter/info som kan sendast ut til medlemmane. Org sjef Tor Olav Brandtzæg er positiv, og vil gjerne ha konkrete innspel på tema, som kan leggest ut i elektroniske kanalar.

Spørsmål/kommentarar:

- Info flyt er litt dårleg, m.a. info om debatten knytt til Joikakaker i Finnmark.
- Bra oppfølgingsrapport. Gjort det same ellers i landet? Merethe ynskjer tilsendt frå Innlandet.

Brit Kari

Vedtak: AU tek oppfølgingsrapporten til orientering.

8 **Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane**

Fred Tore orienterte om at fagutval storfe har føreslått auka engrospris storfe 2. halvår. Kampanje for auka tilførselar, m.a. fokus på livdyrformidling og endra tilleggsytingar. I region Nord må vi skyve innanfor avtaleperioden no.

Bente orienterte frå fagutval gris, med fokus på jordbruksforhandlingane, tilleggsytingar og auka tilførselar. Spent på målpris.

Ragnhild orienterte om at det ikkje har vore møte i fagutval småfe sidan sist, men skal ha i byrjinga av mai, med innspel på prisløype. Vil vere basert på talgrunnlaget for produksjonen. Pris på sau vert tema.

Bjørn Arne orienterte frå fagutval egg. Stort sal, og forventar auke pga priskrig i Kiwi. Vert underdekning av egg. Vanskeleg å verte kvitt egg frå miljøbur. 15 produsentar vurderer om dei skal bygge om. Utsett slakting av verpehøns.

Spørsmål/kommentarar:

- Korleis vert dei mindre storfebruka ivaretatt, med fokuset på tilleggsytingar no? Bør ha vel så mykje fokus på lojalitetstillegg framfor volum, sidan region Nord har mange små bruk.
- Pilotprosjekt på slaktering er sett i gang i region Vest, for dokumentasjon m.a. av kostnadsreduksjon.
- Gjekk det ut mykje småfe frå lager til påske?
- Kva var fagutval småfe sitt innspel i forkant av jordbruksforhandlingane?
- Auka sal av egg direkte frå gard?
- Problem med leveransar av egg til butikk? Vart opplyst det i min butikk.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

9 **Tlf møte/møter med kretsleiarane i løpet av våren?**

Svein tok opp om AU-møtet 26. mai vert tlf møte eller fysisk møte. Endrar dato frå 26. mai til 27. mai pga møtekollisjon for Merethe. Møtet vert eit tlf møte.

Vedtak: AU vedtok at neste møte vert 27. mai, som tlf møte.

Brit Kari

10 **Eventuelt**

- Tone tok opp kvifor dei ikkje får intern info dersom det vert offentleg debatt og ordskifte om ei sak, t.d. om Joikakakene. Vert overraska når ansatte i ytre sal fortel om oppseiingar, vert svar skuldig.

- For tillitsvalde kan Facebook-sida vere ein arena å ta opp saker og spm. Brit Kari
- Differensiering i info til tillitsvalde og eigarar? Brit Kari
- Tone tok også opp spm om saklister og referat frå møta i fagutvala kan sendast heile AU, for lettare å kome med innspel og fylgje med. Brit Kari bringer det vidare til Orgleiargruppa. Brit Kari
- Tone tok opp spm om ansvarsområde for Håvard. Diskuterast i neste AU-møte. Brit Kari